

# **Delavtale om drift av nettverk av ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling mellom Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane**

## **1. Bakgrunn**

Hausten 2004 starta Kreftforeningen seksjon Vest, Kompetansesenter i lindrende behandling Helseregion Vest (KLB) og Kreftavdelinga, Førde sentralsjukehus, Helse Førde arbeidet med å etablere eit nettverk av ressurssjukepleiarar i kreftomsorg i den offentlege helsetenesta i Sogn og Fjordane.

Sidan starten i 2004 er Nettverk av ressurssjukepleiarar i kreftomsorg i Sogn og Fjordane bygd opp til å verte eit veletablert nettverk med stor verdi innanfor kreftomsorga i fylket. Styringsgruppa i nettverket har i perioden sidan oppstart etablert samarbeidsavtaler med leiarane i helse-, pleie og omsorgstenesta i samtlege kommunar i fylket og ved alle sjukehusa.

I samsvar med Rammeavtalen mellom Helse Førde og den einskilde kommune pkt 4.4 ønskjer partane at dette samarbeidet skal vidareutviklast og formaliserast som ein delavtale.

Denne delavtalen er underordna rammeavtalen mellom Helse Førde og den einskilde kommune. I tillegg er denne delavtalen basert på følgjande grunnlagsdokument:

- Lover og forskrifter som regulerer spesialist- og kommunehelsetenesta
- Livshjelp. Behandling, pleie og omsorg for uhelbredelig syke og døende. NOU 1999:2
- Fra stykkevis til helt. En sammenhengende helsetjeneste. NOU 2005:3
- Regional kreftplan 2005-2010 Helse Vest.
- Kreftplan for Helse Førde 2002 –2007
- Standard for palliasjon (Den norske lægeforening 2004)
- Nasjonal strategi for kreftområdet 2006-2009. Helse- og omsorgsdepartementet 2006.
- Nasjonalt handlingsprogram med retningslinjer for palliasjon i kreftomsorgen. Sosial- og helsedirektoratet 2007, IS-1529 Nasjonale faglige retningslinjer
- Strategidokument 2008-2011. Kreftforeningen

## **2. Mål**

Målet med nettverket av ressurssjukepleiarar er å sikre kvalitet og kontinuitet i pleie- og omsorgstilbodet til kreftpasientar og pasientar med behov for lindrande behandling. Omsorgstilbodet skal også inkludere pårørande. Målet er at pasienten og familien skal oppleve god kvalitet, tryggleik og samhandling i alle nivå av helsetenesta.

### **3. Partane i avtalen**

Partane i avtalen er Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane.

### **4. Driftsansvar for nettverket**

Nettverket vert drive av ei styringsgruppe og ei driftsgruppe. Driftsgruppa står for den daglege drifta av nettverket. Kreftavdelinga i Helse Førde representerer den faglege forankringa i føretaket.

Det etablerte samarbeidet mellom Kreftforeningen seksjon Vest, Kompetansesenter i lindrende behandling Helseregion Vest og Kreftavdelinga, Helse Førde er naudsynt for drifta av nettverket. Det er utarbeidd ein samarbeidsavtale mellom Kreftforeningen seksjon Vest, Kompetansesenter i lindrende behandling Helseregion Vest (KLB) og Kreftavdelinga, Helse Førde om drifta av nettverket. Desse tre partane er alle representerte i styringsgruppa for nettverket. Samarbeidsavtalen ligg som vedlegg til denne delavtalen.

### **5. Begrepsavklaring**

Ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling er i avtalen å forstå som sjukepleiarar med særleg kompetanse og interesse innan kreftomsorg og lindrande behandling som har eit definert ansvarsområde og funksjon innan desse felta på arbeidsplassen sin, og som deltek i felles nettverk. Funksjon som ressurssjukepleiar er ei personleg oppnemning knytt til arbeidsfelt og kompetanseområde.

### **6. Nettverket**

Nettverket består av ressurssjukepleiarar i kvar kommune/ sone, frå heimesjukepleien og/eller sjukeheim, og på kvar sjukehusavdeling (post) som behandler kreftpasientar. Nettverket skal vera sentralt for å ivareta kontinuiteten i pleie- og omsorgstilbodet til kreftpasientane og for å spreie kompetanse om kreftomsorg og palliasjon i heile foretaksområdet.

Dei praktiske oppgåvene til ressurssjukepleiarane er knytt til

- Klinisk arbeid på arbeidsplassen
- Samhandling og systemarbeid
- Klinisk forbettingsarbeid og kompetanseoppbygging

### **7. Organisering**

Nettverket er organisert gjennom fire lokale nettverksgrupper. Nettverksgruppene rapporterer til driftsgruppa, som igjen skal forholde seg til styringsgruppa.

Styringsgruppa skal ha minst to møter pr år og er samansett av:

- Ein representant frå Helse Førde
- Ein representant frå Kreftforeningen seksjon Vest
- Ein representant frå Kompetansesenter i lindrende behandling Helseregion Vest (KLB)
- To representantar frå kommunane: ein fastlege og ein leiar frå pleie- og omsorgstenesta
- Leiar i Driftsgruppa

Driftsgruppa skal ha minimum tre møter pr år og er samansett av:

- Ein representant frå Kreftavdelinga og/eller Team i lindrande behandling, Helse Førde
- Ein representant frå KLB (regional medarbeider i Sogn og Fjordane)
- Ein representant frå Kreftforeningen seksjon Vest
- Ein representant frå Høgskulen, helsefag
- To representanter frå pleie- og omsorgstenesta: ein leiar og ein ressurssjukepleiar
- Ein ressurssjukepleiar, Nordfjord sjukehus eller Lærdal sjukehus
- Ein leiar/ ressurssjukepleiar frå sengepost, Førde sentralsjukhus

Oppnemning av representantar til styringsgruppe og driftsgruppe skjer for to (2) år om gangen. Styringsgruppa vel leiar (og sekretær) for to (2) år om gangen. Leiar og sekretær skal førebu møta.

Driftsgruppa står for den daglege drifta av nettverket, og skal drive det praktiske arbeidet med organisering av aktivitetane i nettverket. Partene bør tilstrebe kontinuitet og nyrekuttering i driftsgruppen ved oppnevning av nye representanter.

KS oppnemner dei kommunale representantane til styringsgruppe og driftsgruppe.

Dei lokale gruppene er inndelte som følgjer:

- Indre Sogn
- Nordfjord
- Sunnfjord, Sogn I
- Sunnfjord, Sogn II

I alle gruppene skal det vere ressurssjukepleiarar frå både kommune- og spesialisthelsetenesta. Organisasjonskart for organiseringa av nettverket, sjå vedlegg.

## **8. Funksjon og ansvarsfordeling**

Denne delavtalen endrar ikkje ved det formelle ansvar for pasientbehandling, jfr pkt 1.

### Funksjon og ansvar for styringsgruppa:

- Styringsgruppa har overordna ansvar for nettverket
- Styringsgruppa har ansvar for å sikre ei heilskapleg organisering av nettverket gjennom forpliktande avtalar
- Styringsgruppa skal bidra med evaluering og forslag til revisjon av samarbeidsavtalar som gjeld nettverket, herunder også evaluering av delavtalen kvart 2. år
- Styringsgruppa skal ha fokus på samhandling mellom lokale ressurssjukepleiarar og fastlegar/ sjukeheimslegar
- Styringsgruppa skal følgje opp driftsgruppa sitt arbeid

### Funksjon og ansvar for driftsgruppa:

- Driftsgruppa har ansvar for den praktiske drifta av nettverket og skal lage årsplan og årsrapport.
- Saman med ressurssjukepleiarane har driftsgruppa ansvaret for samlingar for dei lokale gruppene minst x 2 per år. Ein del av kvar samling er rapport om status for nettverket i den einskilde kommune og sjukehusavdeling
- Driftsgruppa skal arrangere introduksjonskurs for nye ressurssjukepleiarar og leiarar ved behov.
- Driftsgruppa arrangerer ei årleg fellessamling for nettverket.
- Driftsgruppa skal bidra til kompetanseutvikling i nettverket. Den skal bidra til at det vert utarbeidd og implementert kliniske retningslinjer, prosedyrar og kvalitetssystem innan fagområdet.
- Driftsgruppa sine medlemmer skal samarbeide med og støtte ressurssjukepleiarane i undervisning og rettleiing på sin arbeidsplass, ut frå innmelde behov og etter kapasitet.
- Leiar i driftsgruppa rapporterer til styringsgruppa

### Funksjon og ansvar for ressurssjukepleiar.

Ressurssjukepleiar har ansvar for å

- utvikle særleg kompetanse innan omsorg for pasientar med kreftsjukdom i alle fasar av sjukdomen
- saman med sin leiar utarbeide gode rutinar for oppfølging og pleie til kreftpasientar og pasientar med behov for palliativ behandling og terminal pleie
- saman med sin leiar innføre systematisk bruk av ESAS- kartlegging
- saman med sin leiar innføre bruk og oppfølging av individuell plan.
- saman med sin leiar etablere rutinar for samarbeid og samhandling som sikrar pasienten kontinuitet og samanheng i behandlingstilbodet (bruk av sjekklistar ved overføring av pasientar, retningslinjer for bruk av open retur m.m.)
- ha oversikt over aktuelle pasientar i eiga sone / avdeling og pasienten sin fastlege / sjukeheimslege
- saman med sin leiar etablere rutiner for samarbeid mellom pasientansvarleg lege/ fastlege/ sjukeheimslege og ressurssjukepleiar i kvar kommune
- informerast og konsulterast om desse pasientane av pasientansvarleg sjukepleiar / lege
- gje rettleiing og rådgjeving til kollegaer som er pasientansvarleg sjukepleiar
- ha oversikt over Helse Vest sine tilbod innan kurativ og palliativ kreftbehandling, samt rehabilitering
- saman med sin leiar lage rutinar for og drive intern undervisning som sikrar god kompetanse innanfor kreftomsorga, samt arbeide for at denne kompetansen også kjem andre pasientgrupper til gode
- delta på felles og lokale samlingar i nettverket
- gje melding til sin leiar og til styringsgruppa for nettverket i god tid når funksjonen vert avslutta eller ved permisjon.

### Arbeidsgjevar sitt ansvar.

Arbeidsgjevar forpliktar seg til å:

- bidra til at målsettinga for nettverket realiserast
- utnemne ressurssjukepleiar i kreftomsorg på arbeidsplassen slik at funksjonen til ein kvar tid er ivaretaken
- identifisere verksemda sitt behov for kompetanse innan kreftomsorg og lindrande behandling
- gje ressurssjukepleiaren tid og ressursar til å utøve sin funksjon
- bidra til samarbeid mellom fastlege / sjukeheimslege / pasientansvarleg lege, ressurssjukepleiar og nettverket
- gje ressurssjukepleiaren høve til å delta på aktuelle samlingar og kurs arrangert for nettverket, samt delta i hospiteringsprogram
- gje ressurssjukepleiar permisjon med løn og dekke kostnader til reise og kurs- / seminaravgift til samlingar arrangert for nettverket.
- bidra til evaluering av avtalen
- delta i styrings- og driftsgruppa for nettverket



## 9. Finansiering

Kvar av partane dekkjer sine eigne utgifter til deltaking i nettverket. Samlingane i nettverket skal arrangerast så rimelig som mogeleg.

Styringsgruppa vil forsøke å skaffe økonomiske tilskot vidare.

## 10. Iverksetting, evaluering og revidering av avtalen

Denne delavtalet vert iverksett etter vedtak i Koordineringsrådet 2. juni 2008.

Avtalen skal evaluerast kvart 2. år. Framlegg til vidareføring av delavtalet skal leggast fram for Koordineringsrådet

Stad/dato	Underskrift

Helse Førde HF

  

Stad/dato	Underskrift
	.....kommune